

# Rapport etter gjennomgang av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune

## Innleiing

- Fylkesmannens beredskapsavdeling foretok 21. april 2015 ein beredskapsgjennomgang i Hordaland fylkeskommune. Mellom anna var utgangspunktet for den varsle beredskapsgjennomgangen Forskrift av 14.juni 2005 nr. 548 om sivil transportberedskap. Hordaland fylkeskommune oversendte dokumentasjon til Fylkesmannen i mars 2015. Frå Hordaland fylkeskommune stilte følgjande personar til intervju den 21.april 2015:
  - Fylkesvaraordførar Mona Haugland Hellesnes
  - Fylkesrådmann Rune Haugsdal
  - Fylkесdirektør samferdsel Håkon Rasmussen
  - Direktør Skyss Oddmund Sylta
  - Regionleiar opplæring Sissel Øverdal
  - Rådgjevar samferdsel Inge Edvardsen
  - Fagansvarleg beredskap Birte Markeseth Aasen

I etterkant av beredskapsgjennomgangen vart det arrangert eit sluttmøte der Fylkesmannen oppsummerte funna etter intervjuja, og Hordaland fylkeskommune mottok 1. juli 2015 ein rapport frå Fylkesmannens beredskapsavdeling med tre tilrådingar knytt til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

## Tilrådingar frå Fylkesmannen og kommentarar til desse

- Tilråding nr. 1 – knytt til overordna tilhøve
  - a) Det er eit uttalt behov for tydelegare målforståing knytt til risiko, operasjonalisering og prioritering av tiltak. Ei mogeleg løysing kan vere å definere ein visjon for HFKs samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid som kan brytast ned i nokre overordna mål. Med utgangspunkt i desse overordna måla, kan ein utarbeide konkrete (og målbare) mål for dei ulike delane av verksemnda som ein kan leggje til grunn i arbeidet med m.a. handlings- og økonomiplanar, rapportering og årsmelding.
  - b) Det kan vere tenleg med ein ny gjennomgang av akseptkriteria for å sikre at desse er:
    - I. tilpassa ulike tema/område/nivå i verksemnda.
    - II. forankra og forstått både politisk og administrativt.
  - c) Det kan vere tenleg å ytterlegare tydeleggjere kva som er Hordaland fylkeskommune sitt beredskapsansvar. Til dette inngår òg klargjering av kva HFK gjer for å:
    - I. Unngå uønskte hendingar.

## II. Handtere uønskte hendingar

- Kommentarar til tilråding nr. 1
  - Det er eit klårt mål for fylkesrådmannen å tydeleggjere Hordaland fylkeskommune sitt beredskapsansvar, både det overordna ansvaret og det ansvaret som gjeld for kvar enkelt fagavdeling. Her må det gjerast eit arbeid knytt opp mot avklaringar i lov og forskrift. Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av 2015. I samband med dette arbeidet blir det etablert eit nettverk for beredskap i Hordaland fylkeskommune samansett av representantar frå kvar fagavdeling. Nettverket vert leia av fagleg ansvarleg for beredskap.
  - Etter ei avklaring av beredskapsansvaret er gjennomført, vil fylkesrådmannen i samband med årleg revisjon av overordna planverk utarbeide visjon og mål for beredskapsarbeidet. Årleg revisjon skal til politisk behandling i mars 2016.
  - I løpet av våren 2016 er det naudsynt å etablere eit prosjekt for gjennomgang og utarbeiding av akseptkriteria, og i etterkant av dette gjennomføre heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyser i heile organisasjonen, både på overordna nivå og på fagavdelingsnivå. Akseptkriteria vil bli lagt fram for politisk behandling juni 2016.
- Tilråding nr. 2 – knytt til samferdselssektoren
  - a) Det er behov for å arbeide vidare med tiltaksplanar knytt til hendingar på eller med infrastrukturen i fylket. Store delar av Hordaland fylke er sårbart med omsyn til hendingar på eller med infrastrukturen. I særleg grad er dette knytt til to, tidvis overlappende tilhøve:
    - I. Bortfall av bruer og tunnellar
    - II. Hendingar på og/eller med hovudaksane ut frå Bergen sentrum
  - Kommentarar til tilråding nr. 2:
    - Fylkesrådmannen seier seg einig i dei observasjonane som Fylkesmannen har gjort i høve til den sårbare infrastrukturen som finst i store delar av fylket. Når det gjeld fylkeskommunen sin rolle i løysinga av desse utfordringane, vil vi vise til det som er sagt om avklaringane av fylkeskommunen sitt beredskapsansvar som er nemnt i kommentar til tilråding 1. Her vil Hordaland fylkeskommune på same måte avklare sitt beredskapsansvar innafor samferdselssektoren.
    - I stikkordsform bør elles nemnast:
      - I høve til pkt. I. Bortfall av bruer og tunnellar:  
Her har fylkeskommunen utarbeidd, i samarbeid med Statens vegvesen region vest, ein beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen. I oppfølging av denne vart det gjennomført ein øving 3. september, med scenario bortfall av Sotrabrua. Denne øvinga skal munne ut i ein handlingsplan for eit ev. reelt bortfall av Sotrabrua over lengre tid. Det er tenkt at beredskapsanalysen og operativ plan kan nyttast som ein mal for andre sårbare samband i fylket.
      - I høve til pkt. II hendingar på/og eller med hovudaksane ut frå Bergen sentrum:
        - Fylkeskommunen som vegeigar opnar innan ein månad byggetrinn 2 av ringveg vest.
        - Fylkeskommunen er involvert i utgreiingane og planlegginga av store samferdselsprosjekt rundt Bergen, som Bymiljøtunellen og Ringveg aust
  - Tilråding nr. 3 – knytt til opplæringssektoren
    1. Styrke samhandlinga med relevante eksterne aktørar, som t.d. politi og brannvesen.
    2. Utvide rammene for ROS-analysar til objekt utanfor sjølve fylkesbygget, og omfatte skular.
    3. Følgje opp med risikoreduserande tiltak der ROS-analysane viser at det er naudsynt.

4. Ta desse vurderingane med i vidare arbeid med beredskapsplanverk/tiltaksplanar og øvingar.
- Kommentarar til tilråding nr. 3:
    - Det er eit klart mål for fylkesrådmannen å styrke samhandlinga med eksterne aktørar. Det tas sikte på å avhalde møter med Hordaland politi og Haugaland og Sunnhordland politidistrikt innan utgongen av 2015. I samband med dette arbeidet vil fylkesrådmannen følgje opp at dei vidaregåande skulane der det er relevant knyter kontakt med, eventuelt held vedlike kontakten med lokal kommunal kriseleiing, og lokalt politi og brannvesen.
    - I vidare arbeid med ROS-analysar vil det bli lagt vekt på ei utvida forståing for kva som skal vurderast, og at ROS-analysane også må ivareta tilhøve utanfor sjølve skulebygget. Fylkesrådmannen vil utarbeide nye malar for ROS-analyse våren 2016 som understøttar dette arbeidet.
    - Fylkesrådmannen vil frå og med 2016 jamleg vurdere skulane sine ROS-analyser med omsyn til kva for område som må vurderast for framtidige risikoreduserande tiltak. I tillegg vil fylkesrådmannen videreføre arbeidet med å følge opp innspel fra skulane. Av konkrete risikoreduserande tiltak som vil bli sett i verk hausten 2015 - vinteren 2016 er ny pedagogisk plattform for dei vidaregåande skulane som blant anna fokuserer på læringsmiljø og arbeid mot utanforskap. Samstundes vil arbeid mot radikalisering i skulane bli tatt opp. I ny plan for Pedagogisk arkitektur - krav og forventningar til skuleanlegg i HFK er vurderingar knytt til tryggleik, beredskap og varsling tatt inn.
    - Det vil også bli gitt kompetanseheving innan arbeidet mot radikalisering.
  - Generelle kommentarar kring vidare arbeid med beredskap i HFK:
    - 3. september 2015 deltok Hordaland fylkeskommune i Øving Bjørgvin 2015. I denne øvinga vart den nye organiseringa av fylkeskommunal kriseleiing testa ut, i tillegg til at ein fekk gått gjennom tematikken knytt til bruberedskap i fylket.
    - Fylkeskommunen vil gjennomføre årlege revisjonar av det overordna planverket, og legge dette fram for politisk behandling i fylkesutval og fylkesting. På denne måten vil organisasjonen oppnå ei sterkare målstyring innan beredskapsfeltet
    - Det vil i løpet av hausten bli utarbeidd ein eigen informasjonsberedskapsplan som skal inngå i det overordna planverket
    - Fylkesrådmannen legg til grunn at det skal minimum arrangerast to skrivebordsøvingar årleg, i tillegg til varslingsøvingar der formålet er å teste ut varslingsrutinene våre.